

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gulen

Emne: Bålbrening på visse dagar

Bygdelag: Dalsbygda

Oppskr. av: Ivar Kleiva

Gard: Dale

(adresse): Dalsøyra

G.nr. 51 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ikkje etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskr. etter Hans I. Dale, gardbr. h. vore. f. 1881.

Namn. SVAR

1. Fleire nemningar er brukta: i eldre tid ofte brisling no helst bål eller daure. Men daure brukast berre om eit visst slag bål. Sjå sp. 9.

2. Bålet ein brenner jonsokkaftan vert kalla jonsokbål, alle andre vert berre kalla bål eller brising.

3. Nei, ikkje anna enn at dauring helst tyder eit lite bål, men daure helst eit noko større.

Tida.

4. Ukjent her.

5. Ukjent.

6. Nei, ikkje det nokon minnest.

7. Nei, dei for til fjells for å sjå på sola, men dei brende ikkje noko bål. Lite og inkje brensel å finna på fjella her.

8. Dei brende bål jonsok-kvelden, og kanskje Olsok-aftan.

9. Fyrste dagen krøtera låg ute i marka brende dei "daure". Det kalla dei "å daure" eller "å brenna daure" eller "dauring". Dei jaga då krøtera gjennom daurerøyken.

10. Daurebåla vart oftast kveikte om ettermiddagen eller i kveldinga. Jonsokbålet vart kveikt seinkvelds jonsokaftan. Jonsokdagen brende dei aldri bål.

11. Bålet jonsokaftan kveikte dei i tida kl. 22-23.

12. Bålet skulle brenna lengst mogleg, helst natta til endes i jonsokbålet. Daurebålet brann ikkje lenge.

Staden.

13. Ja. Oftast hadde kvar gard ein koll eller haug der dei brende jonsokbål. Daurebåla vart også brende på visse stader i marka.

14. Fell bort, då det ikkje vart brende bål anna enn ved jonsok.

14095

14094

2
16. Ja, dei aller fleste gardane hadde eigne bål.

17. Dauren vart brend i kveene, eller på visse stader i beitemarka.

Dei som steller med bålet og tenner det.

18. Ingen viss regel, ofte er ein stor part av dei vaksne med. Stundom jamvel kårfolka når det er fint ver og bålstaden ikkje er for langt unna.

19. Ja.

20. Det er helst borna som samlar brennemang til bålet no, men mange andre er med og brenner det og morar seg kring det.

21. Det frilynde ungdomslaget her har av og til skipa til jonsokbål her, oftast med andre tilstellingar attåt.

22. Ingen sagbruk eller fabrikkar her, så dette fel bort.

Korleis dei bygde bålet.

23. Bålet vart oftast lagt på eit berg. Før i tida la ein ringar av stein på daureplassane og kveikte bålet inne i ringen. Det vart såleis Stein både under og kringom.

24. Her brukast helst einer, lyng, tjøretunner og ~~aheow~~ rask til jonsokbålet. Til daurebåla brukar ein mest lyng og mose.

25. Nei.

Korleis dei fekk bålverke.

26. Det hende dei kjøpte tjøretunner og gamle båtar til jonsokbålet, men det var meir sjeldan.

27. Ja, helst det, i vissa borna og ungdomane. Dauring var stundom som ein liten fest.

28. Ein hadde vel ikkje lov, men slikt vart nok ofte gjort likevel.

29. Namnet brannskatt er ukjent, men forteljaren snakka om at dei song ei vise om dette: "Ut å gå på brannvakt" - stundom.

Korleis bålet skulle vera.

31. Både jonsokbål og daurebål var helst store bål.

32. Ja.

33. Ja, jonsokbålet skulle brenna med stor loge og lysa så sterkt som mogleg. Difor vart det og kveikt det mørkaste bilet på natta.

34. Daurebålet skulle ryka. Difor brukar dei mykje våt mose i det.

35. Jonsokbålet skulle gjerne spruta gneistar. Difor la dei mykje einer (sprake) i det.

Kva bålet skulle tena til.

36. Krøtera skulle vigslast med eld og føyk så dei skulle

14095

14094

koma velberga heim att.

37. Forteljaren sa dei meinte røyken eller elden skulle vera god for krøtera, men han trudde ikkje det hadde noko med trollskap å gjera. Kanskje har det vori meininga i gamal tid.
38. Ukjent.
39. Forteljaren hadde høyrt gjeti slikt, dei såg etter om røyken la seg etter marka, eller om han steig rett til vers. Men han visste ikkje korleis dei tok merke.
Sjølve festen ved bålet.
40. Festen ved bålet vart, og vert, kalla jonsok-leik.
41. Både unge og gamle kunne vera med ved bålet. Men det hende nok ofte at dei eldre sat heime. Det skulle vera rjomegraut den kvelden.
42. Oftast leika dei kring bålet til det vart morgon, i alle fall ungdomane. Dei kom oftast ikkje heim før det var tid å stå opp.
43. Dei hadde jamt niste med seg, men sjeldan alkohol. Gjentene held oftast kaker lefser og slikt, medan gutane stundom skaffar kaffi.
44. Det var så ymse, - helst etter som veret var til.
45. Ja, det vart ofte gjort, og det var karsleg å vera den djervaste.
46. Ja.
47. Nei.
48. Fortelajren kjenner ikkje noko anna.
Skikken i dag.
49. Jonsokbål vert brend no som før, men daurebåla er i ferd med å koma bort. Det er nemleg godtsom slutt med å ha kyrne i marka. Dei går på kulturbeteite.
50. Det har helst auka på med å brenna jonsokbål.
51. Dei unge har kanskje betre tid til å samla brennemang enn før, og det er lettare å få tak i brensel, då folk no gjerne vil få skrapskog og sprake vekk. Før var det ofte vanskelig å få lov til å samla slikt, avdi her var så smått om brensel for folk.

14094
14095